

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Vår dato: **14.10.2024**
Vår ref.: **2024/2760**
Dykkar ref.:
Sakshandsamar: **Bjørn Inge Midtgård**

Søknad om prisjustering av takstane i Bypakke Bergen - 2025

Ferde viser til Prop. 11 S (2017 - 2018) om finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland, no Vestland. I proposisjonen står det at Samferdselsdepartementet legg til grunn at takstane kan justerast i samsvar med konsumprisindeksen.

Takstane i Bypakke Bergen vart sist endra 1. januar 2024 basert på takstvedtak frå Vegdirektoratet frå 11. november 2023 (Dykkar ref. 22/33576-10). Takstane i takstvedtaket frå november 2023 var basert på kpi- indeksen fram til september 2023. Prisveksten frå september 2023 til september 2024 er 3,0 prosent (sjå vedlegg). Det vert foreslått å endra takstane slik:

Dagens takstar:

	Takstgruppe 1			Takstgruppe 2		
Fullpris	Diesel	Bensin/ ladbar hybrid	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI/ladbar hybrid	Nullutslepp
Utanfor rushtid	35,00	29,00	12,00	82,00	44,00	0,00
I rushtid	66,00	60,00	23,00	145,00	88,00	0,00

Framlegg til nye takstar (september 2024 kr.):

	Takstgruppe 1			Takstgruppe 2		
Fullpris	Diesel	Bensin/ ladbar hybrid	Nullutslepp	Euro v og eldre	Euro VI/ladbar hybrid	Nullutslepp
Utanfor rushtid	36,00	30,00	13,00	85,00	45,00	0,00
I rushtid	68,00	62,00	23,00	149,00	91,00	0,00

Gjennomsnittstaksten er i proposisjonen sett til 11,5 2017 kr. Det tilsvarar 14,57 september 2023 kr. Realisert snitttakst i 2024 tom. september 2023 er 11,82 kr.

Ferde har fått fullmakt frå styringsgruppa i Miljøløftet til å søka om justering av bompengeretakstane når:

«prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.»

Ref. vedtak i styringsgruppa i Miljøløftet 31.10.2018, sak 69/18. Av praktiske grunnar legg ikkje Ferde opp til å prisjustera takstane i Bypakke Bergen meir enn ein gong i året. Rushtidstakstane gjeld ikkje i bomstasjonane nr. 15-29 som vart etablert i høve til Prop. 11 S (2017-2018): <https://ferde.no/bomanlegg-og-priser/bomstasjoner-bergen>

For desse gjeld takstar «utanfor rushtid» heile døgnet og ikkje tidsdifferensierte takster. Alle rabatt- og fritaksordningar gjeld som tidlegare fastsett. Ferde tek sikte på å endra takstane i Bypakke Bergen 1.januar 2025, føresett at Vegdirektoratet gjer taktstvedtak i god tid før fristen for kunngjering.

Med helsing

Trond Juvik

administrerende direktør

Bjørn Inge Midtgård

myndighetskontakt

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

- 1 Vedlegg_BypakkeBergen_KPI_justering_fom_2025

Mottakar:

STATENS VEGVESEN

Kopi:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE